



Statens vegvesen

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingun Havdal / 96228949

Vår referanse:
26/112634-2

Dykkar referanse:
201307468-54

Vår dato:
29.04.2026


Uttale – høyring av søknad om Urdelva kraftverk i Vestnes kommune

Viser til brev datert 20.04.2026.

Saka gjeld

Det er søkt om konsesjon for å byggje ut Urdelva kraftverk i Vestnes kommune. Søknad om å byggje ut Urdelva til kraftverk har tidlegare vore på høyring ved eit par høve. Søknad er no revidert, etter merknadsbehandling. Vi gjer merksam på at kartet det vises til på NVE sine eigne sider ([Konsesjonssak – NVE](#)) ikkje samsvarer med kartet i konsesjonssøknaden.

Utsnitt frå kart over aktuelt areal i konsesjonssøknad, datert 16.04.2026:



Figur 13: Revidert plan for Urdelva kraftverk (2025). Rørgata er lagt på østsiden av elva for å unngå edellauvskog og kulturminner på vestsiden. Kraftstasjonen er plassert høyt opp i elva, over en naturlig fiskestopp, slik at hensynet til anadrom fisk blir ivarettatt. Denne løsningen reduserer samtidig konfliktene med naturmangfold og kulturmiljø, og følger opp innspillene fra tidligere høringsrunder.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan (NTP)*, *statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretatt i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivaretatt i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

I denne saka utalar vi oss som sektormynde.

Vår vurdering

Det kjem ikkje fram av mottatte høyring i kva grad tiltaket kan få konsekvensar for offentleg vegnett. Det er fv. 5982, kor Møre og Romsdal fylkeskommune er vegeigar, som går oppover dalen mot Øvstedal.

Vi har ut i frå våre fagområde ikkje merknader til sjølve konsesjonen. Om tiltaket vil påverke fylkesvegen, må dette må ivaretakast gjennom reguleringsplan eller ved enkeltvedtak etter veglova. Her kan til dømes nemnast byggjegrense til fylkesvegen, avkøyrsløype, graving og nærføring, arbeidsvarsling osv. Nye avkøyrsløyer eller utvida/endra bruk er søknadspliktig.

Konklusjon

Statens vegvesen har ikkje merknader til sjølve konsesjonssøknaden, men gjer merksam på at tiltak som kan ha innverknad på fylkesvegen er søknadspliktige.

Transportforvaltning midt 2

Med helsing

Linda Heimen
seksjonssjef

Ingun Havdal

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE
VESTNES KOMMUNE, Rådhuset Brugata 10, 6390 VESTNES